Administrasjonen har derfor gjort nokre justeringar i gebyrregulativet for arbeid etter plan- og bygningslova og matrikkellova. I reviderte gebyrregulativ er tekst som er foreslått teke ut gjennomstreka og skriven med grå tekst. Ny tekst er markert med raudt. Alle nye satsar er også markert med raudt.

Plan- og bygningslova

FORSKRIFT OM GEBYRREGULATIV FOR SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Regulativet er heimla i plan- og bygningslova § 33-1. Forskrifta gjeld for handsaming av bygge-, frådelings- og reguleringsaker og andre tiltak etter plan- og bygningslova (PBL)

A. Generelle reglar

A.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid. Det blir ikkje berekna meirverdiavgift på gebyr etter plan- og bygningslova.

For å etterleve reglane om sjølvkost skal 100% av det ordinære gebyret betalast også ved avslag på søknad. Avslagsgebyret vert ikkje godskrive ved innsending av ny revidert søknad.

A.2 Gjeldande regulativ

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen mottok ein tilfredsstillande søknad, eller rekvisisjon. Det vil seie at dokumenta stettar dei minimumskrava som er kravd i forskrift. For private planframlegg skal gebyra reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen mottok komplett planframlegg klart for 1. gongs handsaming.

A.3 Tiltak som innhald fleire funksjonar

For kombinasjonstiltak med fleire ulike og sjølvstendige brukseiningar, skal det betalast gebyr per eining, dette gjeld sjølv om dei ulike einingane sorterar under same type tiltak. T.d. forretning og kontor, symjehall og idrettshall.

Opprekninga av tiltak under C.6 er ikkje uttømmende. Kommunen fastset i alle søknadssaker kva punkt i regulativet gebyret skal reknast ut etter.

A.4 Betalingstidspunkt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr. Gebyret skal utsendast snarast etter at vedtak eller oppgåve er gjort.

Kommunen kan krevje at gebyret er betalt før kommunen si sakshandsaming tek til.

A.5 Urimelege gebyr

Dersom gebyret er klart urimeleg i forhold til dei prinsipp som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnadar kommunen har med ei sak, kan kommunalsjef teknisk eller den han eller ho har gjeve fullmakt til, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnad og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

A.6 Avbrote arbeid

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det etter vurdering betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføre.

A.7 Kostnader som ligg til tiltakshavar

Tiltakshavar må dekke kostnader som følgje av tilhøve og / eller undersøkingar etter lov om kulturminne, plan- og bygningslova § 28-1 om m.a. byggjegrunn og miljøtilhøve, og plan- og bygningslova § 29-1 og 29-2 om bistand knytt til estetiske vurderingar. Tiltakshavar må dekke også eventuelt andre særskilte utgreingar som måtte bli pålagt som følgje av tiltaket sitt omfang.

A.8 Klage

Fastsetjing av gebyr i ei einskild sak etter regulativet, kan ikkje påklagast, jf. § 40 i forvaltningslova. Kommunen si avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

A.9 Endring av regulativet eller gebyrsatsane

Kommunestyret vedtek gebyrregulativet og endringar i dette, normalt i samband med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år. Gebyra reflekterer kommunen sitt arbeid med dei enkelte sakstypane og er berekna i samsvar med sjølvkostprinsippet.

Gebyrsatsane skal regulerast årleg, og satsane gjeld frå kunngjeringsdato. Alle satsar skal avrundast til næraste heile 50 kroner.

B. Gebyr for arbeid etter plan- og bygningslova

B.1 Følgjande søknader kan ein krevje handsamingsgebyr for:

- Privat forslag til reguleringsplan (detaljregulering) eller vesentleg endring av slik plan inkl. endring av reguleringsføresegnene. (Jf. PBL § 12-3, § 12 – 14 første ledd.)
- Privat forslag til mindre endringar av reguleringsplan inkl. endring av reguleringsføresegnene. (Jf. PBL § 12 - 14, 2. ledd)
- I dei tilfelle reguleringsplan skal utarbeidast med konsekvensutgreiing, jf. pbl. kap. 4 og forskrift om konsekvensutgreiingar, skal det for kommunen sitt arbeid betalast eit tilleggsgebyr. Utgifter som kommunen måtte ha til ekstern fagleg bistand kjem i tillegg.
 1. Storleiken på gebyra:

Timepris - for dei tenestene som ikkje er omfatta av dette regulativet kan det takast gebyr etter tida som har gått med. Timesatsen dekkjer også støttefunksjonar og administrasjon av tenesta.

Gebyrliste 2024-2027

Private reguleringsplanar		
a	Timepris For tenester som vert fakturert etter tida som har gått med (justeringar av plankart, føresegner, utgreiingar m.m.)	kr 1 150 pr. time
b	Oppstartmøte inkl politisk oppstartsak	kr 12 031
c	Sakshandsaming av planframlegg:	
c1	Handsaming av framlegg til detaljregulering inntil 1-5 bueiningar* eller inntil 500 m2 næringsformål eller inntil 1000 m2 anna formål	Kr 66 250
c2	Handsaming av framlegg til detaljregulering 6-10 bueiningar eller inntil 1000 m2 næringsformål eller inntil 5000 m2 anna formål	Kr 87 450
c3	Handsaming av framlegg til detaljregulering over 10 bueiningar eller over 1000 m2 næringsformål eller over 5000 m2 anna formål	Kr 110 770
d	Handsaming av framlegg til detaljregulering med planprogram og konsekvensutgreiing - tillegg til gebyret i pkt c	Kr 27 401
e	Mindre reguleringsendring etter § 12-14 andre ledd - administrativ handsaming	Kr 8 374
f	Mindre reguleringsendring etter § 12-14 andre ledd - politisk handsaming	Kr 21 889
g	Etterlysing av manglande/ufullstendig dokumentasjon/utgreiing	Kr 4 000

	i planframlegg -pr mangelbrev	
--	----------------------------------	--

*) gjeld både bustad og fritidsbustadar

B.3 Særskilde føresegner

Ved trekking av søknad eller mangelfull oppfølging av regulanten skal det betalast gebyr berekna utifrå kor langt kommunen har kome med sakshandsaminga, minimum 50% av ordinært gebyr.

C. Tiltakssaker (Bygge- og anleggssaker)

C.1 Mindre tiltak på bebygd eigedom (jf PBL § 20-4 og Byggesaksforskrifta § 3-1)

- | | |
|--|------------|
| 1. Tilbygg | kr 6 943,- |
| 2. Oppføring, endring, m.v. av mindre frittliggande bygning | kr 6 943,- |
| 3. Veranda, karnapp o.l. (inkl. utviding/endring), overbygd uteplass | kr 5 300,- |
| 4. Bruksendring fra tilleggsdel til hoveddel innanfor ein buening | kr 5 300,- |
| 5. Skilt- og reklameinnretning | kr 5 300,- |

C.2 Alminnelege driftsbygningar i landbruket (jf PBL § 20-4 b og Byggesaksforskrifta § 3-2)

- | | |
|---|------------|
| 1. Oppføring, endring, riving m.v – bruksareal pr. påbegynt 500 m2 | kr 6 943,- |
| 2. Tilbygg - bygningens totale bruksareal inkl. tilbygg pr. påbegynt 500 m2 | kr 6 943,- |

C.3 Mellombels bygningar, konstruksjonar eller anlegg (jf PBL §§ 20-1 j og 20-4 c)

Oppføring av mellombels bygningar, konstruksjonar eller anlegg som ikkje skal plasserast for eit lengre tidsrom enn 2 år, skal ha fullt gebyr som om tiltaket var permanent.

C.4 a) Andre mindre tiltak som kan omsøkast av tiltakshavar (PBL § 20-4 a og e) kr 5 300,-

- | | |
|---|------------|
| 1. Mindre tiltak på leikeplassar, friluftsområde (gapahuk o.l) | kr 2 120,- |
|---|------------|

C.5 Tiltak som krevjer søknad og løyve etter PBL § 20-3

Saksgebyr for konstruksjon, anlegg og vesentlege terrengendringar, som er ein integrert del av ein byggesøknad, er medrekna i saksgebyret .

C.6 Førehandskonferanse etter PBL § 21-1 kr 2 915,-

(Fakturert gebyr trekkast frå endeleg byggesaksgebyr, dersom **komplett** byggesøknad innan 2 år)

C.7 Oppføring av bygning (PBL § 20-1 a (§ 20-3 saker)

For brukseiningar med BRA over 2000 m², skal det betalast 1,5 gang gebyret som står oppført. For pkt a) er eitt garasjebygg, inntil 50 m² BRA samt ev støttemurar inkl i gebyret

1. Bustad og fritidsbygning, pr. bygning *) (bt-kode: 111-172, 193-199)	kr 20 352,-
2. Bueining nr. 2 til og med nr 5 i same bygning, pr. bueinig:	kr 9 328,-
3. Frå og med bueining nr. 6 i same bygning, pr. bueining:	kr 5 300,-
4. Garasje, uthus, naust < 100 m ² (bt-kode: 181-182)	kr 9 328,-
5. Garasje, uthus, naust > 100 m ² (bt-kode: 181-182)	kr 13 833,-
6. Industrihall, lagerbygning < 200 m ² (bt-kode: 231-249)	kr 13 833,-
7. Industrihall, lagerbygning > 200 m ² (bt-kode: 231-249)	kr 27 666,-
8. Kontor, industri og forretningsbygning m.m. < 1000 m ² (bt-kode: 311-449)	kr 52 947,-
9. Kontor, industri og forretningsbygning m.m. > 1000 m ² (bt-kode: 311-449)	kr 61 374,-
10. Bygning for overnatting, publikum, skulebygg m.m. (bt-kode: 511-840)	kr 72 822,-
11. Brakkeriggjar for kontorlokale, undervisning og liknande	kr 27 666,-
12. Brakkeriggjar for overnatting – som pkt 1, men med tillegg av pkt 3 frå og med 2. bueining	

**) Ved større feltutbyggingar vil gebyrregulativet kunne medføre urimeleg høge gebyr. Ved feltutbygging frå og med 5.bustadbygning skal det derfor bereknast 1/2 gebyr av ordinær sats i pkt 1. Gebyra bereknast pr. feltområde, eks BKS1, BKS2)*

C.8 Mellombels bruksløyve, Ferdigattest (PBL § 20-3)

1. Mellombels bruksløyve, pr søknad for inntil 2 bueiningar maksimalt gebyr pr søknad vert sett til 5 x gebyret	kr 2 915,-
2. Ferdigattest	kr 2 915,-

For saker etter pkt C.11a og C12 1-6 skal det ikkje reknast gebyr etter dette punkt.

C.9 Tilbygg, påbygg, underbygg og plassering (PBL § 20-1 a (§20-3 saker))

For tilbygging av ny(e) bueining(ar) eller tilbygg, påbygg eller underbygg som avgjerande endrar eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det betalast gebyr som for nybygg. Elles etter satsane under:

1. Tilbygg, påbygg eller underbygg. Bruksareal < 100 m ²	kr 8 480,-
2. Tilbygg, påbygg eller underbygg, Bruksareal 101 - 200 m ²	kr 11 554,-
3. Tilbygg, påbygg eller underbygg, Bruksareal > 200 m ²	kr 19 981,-
4. Tilbygg, påbygg eller underbygg til rein lagerbygning	kr 8 480,-

C.10 Fasadeendring, bruksendring og ombygging (PBL § 20-1 c-d og g) (§20-3 saker)

For søknad som samstundes føreset endringar av eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det i tillegg til gebyr, betalast aktuelt gebyr for endringane.

- | | |
|---|-------------|
| 1. Fasadeendring/Mindre ombygging
som medføre endring av bygget sin eksteriør karakter | kr 6 943,- |
| 2. Bruksendring – gebyr for 1. nye bueining | kr 10 335,- |
| 3. – deretter pr. ny bueining | kr 5 000,- |
| 4. Mindre bruksendring, ikkje bustad | kr 6 943,- |
| 5. For andre bruksendringar/ombyggingar vert det rekna gebyr tilsvarande 50 % av ordinært gebyr etter punkt C7. Kommunen kan krevje at saka vert handsama som ny sak med fullt gebyr. | |

C. 11 Riving av bygning, konstruksjon eller anlegg (PBL § 20-1 e)

- | | |
|---|------------|
| 1. Riving av bygning < 100 m ² | kr 2 915,- |
| 2. Riving av bygning ≥ 100 m ² | kr 6 943,- |

C.12 Arealuavhengige tiltak (PBL § 20-1 b,f , h-i og k-l)

- | | |
|---|-------------|
| 1. Heis, installasjon eller rehabilitering/endring | kr 5 300,- |
| 2. Skorstein, nyoppføring eller rehabilitering, inkl. ansvarsrett | kr 2 915,- |
| 3. Støttemur, levegg | kr 5 300,- |
| 4. Skilt eller reklameinnretning, antennesystem | kr 5 300,- |
| 5. Andre mindre tiltak som er søknadspiktige | kr 5 300,- |
| 6. Mindre terrenginngrep, konstruksjonar og anlegg, veganlegg, parkering, damanlegg, flytebrygger, basseng, brønn, røranlegg o.l | kr 5 300,- |
| 7. Vesentlege terrenginngrep, konstruksjonar og anlegg, veganlegg, parkering, damanlegg, flytebrygge, basseng, brønn, røranlegg o.l | kr 12 614,- |

C.13 Godkjenning av sjølvbygger for ansvarsrett (PBL kapittel 22, 23 og 24)

- | | |
|---|------------|
| 1. Handsaming av søknad om personleg ansvarsrett.
Gjeld rollene som ansvarleg søker og prosjekterande. | kr 1 590,- |
|---|------------|

C.14 Dispensasjon og fråvik (PBL kapittel 19, TEK17)

- | | |
|--|------------|
| 1. Dispensasjon som vert handsama administrativt og vert vurdert som rein formalitet, skal ikkje belastast med gebyr. Dette kan vere forhold som er prinsipielt avklart (t.d utnyttingsgrad eldre planar) plankrav ved riving, o.l | |
| 2. Dispensasjon - administrativ handsaming utan behov for høyring | kr 2 915,- |
| 3. Dispensasjon - administrativ handsaming med avgrensa høyring | kr 5 300,- |
| 4. Dispensasjon - administrativ handsaming med full høyring | kr 9 222,- |

Gebyrliste 2024-2027

- | | | |
|--|----|----------|
| 5. Dispensasjon – politisk handsaming utan høyring
(ev lokalt landbrukskontor) | kr | 6 943,- |
| 6. Dispensasjon – politisk handsaming med behov for avgrensa høyring
(relativt kurante saker som formelt må på høyringsrunde) | kr | 9 699,- |
| 7. Dispensasjon – politisk handsaming full høyring | kr | 16 748,- |
| 8. Fråvik frå TEK | kr | 2 915,- |

C.15 Innhenting av løyve eller uttale/samtykke frå anna mynde (PBL § 21-5)

- | | | |
|--|----|---------|
| 1. Løyve eller uttale/samtykke frå anna mynde, eitt gebyr per innhenting | kr | 2 915,- |
|--|----|---------|

C.16 Delingssøknad (PBL § 20-1 m)

- | | | |
|--------------------------------------|----|---------|
| 1. Handsaming av søknad om frådeling | kr | 5 300,- |
|--------------------------------------|----|---------|

C.17 Endringar i høve gitt løyve.

- | | | |
|--|----|---------|
| 1. Reviderte teikningar/mindre tillegg/endringar justeringar som formelt krev handsaming | kr | 2 915,- |
| 2. Endring av tiltak, fornya byggeløyve o.l | kr | 5 300,- |
| 3. Større endringar; for sakshandsaming av større endringar i høve gjeve løyve vert det rekna gebyr tilsvarande 30 % av ordinært gebyr etter dette regulativ, men då med minimumsgebyr tilsvarande gebyret i pkt 1. Kommunen kan krevje at saka vert handsama som ny sak. | | |

C.18 Mangelfull søknad

- | | | |
|---|----|---------|
| 1. Etterlysing av manglande/ufullstendig dokumentasjon i søknad (PBL 20-3) | kr | 2 915,- |
| 2. Etterlysing av manglande/ufullstendig dokumentasjon i søknad (PBL 20-4) | kr | 1 590,- |
| 3. Gjennomgang og retur av søknad som ikkje er korrekt eller inneheld den minimumsdokumentasjon som er kravd i forskrift. | kr | 2 915,- |

C.19 Igangsettingsløyve

- | | | |
|---|----|---------|
| 1. Igangsettingsløyve, eitt gebyr per løyve | kr | 5 300,- |
|---|----|---------|

C.20 Ulovlege byggearbeid

Dersom søknadspliktige arbeid vert sett i gang eller eit søknadspliktig tiltak vert teke i bruk utan løyve, kan det gjevast eit tilleggsgebyr på 50% av fullt handsamingsgebyr, minimum. kr 5 300,-

Det kan i tillegg verte gitt overtredingsgebyr jf byggesaksforskrifta § 16

C.21 Søknad på papir (PBL § 20-3)

Dersom ansvarleg søker ikkje nyttar seg av offisielle godkjende eByggesaksløysingar men sender søknadar inn på papir, skal det betalast eit gebyr for meirarbeidet dette medføre på kr 2 915,-

Matrikkelova

FORSKRIFT OM GEBYRREGULATIV

§5 Gebyrsatsar

Gebyr for arbeid etter matrikkelova (Lova sin § 32, forskrifta § 16 og lokal forskrift om gebyrregulativ) vert fastsett som følgjer:

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretninga og gebyr og avgifter som kommunen skal krevje inn for statlege etatar som til dømes tinglysingsgebyr og dokumentavgift, vert fakturert vidare til rekvirenten og kjem i tillegg til satsane under.

§5.1 Oppretting av matrikkeleining

§5.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunn

areal frå 0 – 2000 m² kr 25 157

areal frå 2001 – 20 000 m² – auke pr. påbegynt daa kr 986

Areal over 20 001 m² etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000m²

§5.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

areal frå 0 – 2000 m² kr 7 917

areal frå 2001 -20 000 m² – auke pr. påbegynt daa kr 578

Areal over 20 001 m² etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000m²

§5.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av uteareal på inntil 1 eigarseksjon kr 15 854

Auke i gebyr for oppmåling av uteareal utover 1 eigarseksjon, pr seksjon kr 4 949

§5.1.4 Oppretting av anleggseigedom

volum frå 0 – 2000 m³ kr 25 157

volum frå 2001 m³ – auke pr. påbegynt 1000 m³..... kr 986

§5.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige etter medgått tid.

Minstegebyr: kr 7 917

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvirenten

§5.1.6 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Satsar etter §§5.1.1, 5.1.2, 5.1.3, 5.1.4 og 5.1.5 gjeld, i tillegg kjem eit tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining før fullført oppmålingsforretning på kr 6 909

§5.1.7 Oppretting av tilleggsareal som eigen matrikkeleining som tillegg til eksisterande grunneigedom eller festegrunn.

Maksimalt areal som kan frådelast etter dette punktet er 500 m², det er eit vilkår at det skal samanføyast med ein grunneigedom etterpå.

Gebyr er kr. 14 566 + 9,59 kr/m²

§5.1.8 Redusert gebyr ved oppdeling etter arealformål i gjeldande plan, pr rekvisisjon.

Der det på ein eigedom skal delast frå fleire parsellar med bakgrunn i ulike arealformål i gjeldande plan, skal det bereknast fullt gebyr etter §5.1.1 pr parsell som gjeld område regulert til «Bygningar og anlegg».

For parsellar som er regulert til «Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur» og «Grøntstruktur» kan det bereknast gebyr pr parsell etter satsane i § 5.1.2. Ein føresetnad for slik reduksjon i gebyret er at alle grenser for desse parsellane er i samsvar med formålsgrenser i plan eller at grensepunkt er koordinatbestemte med koordinatkvalitet 14 cm eller betre.

§5.2 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, om den må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller om saka av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert gebyrsatsene sett til 1/3 etter §5.1

§5.3 Grensejustering

§5.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m²).

Ein eigedom kan likevel ikkje avgje areal som i sum overstig 20 % av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneføremål kan andre arealklasser gjelde.

areal frå 0 – 250 m² kr 8 907

areal frå 251 – 500 m² kr 12 865

§5.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er satt til 1000 m³

volum frå 0 – 250 m³ kr 11 875

volum frå 251 – 1000 m³ kr 14 863

§5.4 Arealoverføring

Når det gjeld dokumentutforming og utveksling av pengeyting mellom partane, kan kommunen etter forskrift til matrikkellova §15, krevje at partane sjølv handterer dette, eventuelt at partane får hjelp av eigedomsmeklar, advokat eller liknande.

§5.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyer dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

areal frå 0 – 2000 m² kr 25 157

areal frå 2001 - auke pr. påbegynt daa kr 986

Ved arealoverføring (<500 m²) mellom to eigedomar der begge har same heimshavar og det dermed ikkje er nødvendig med erklæring om verken arealoverføring eller konsesjonsfridom, skal gebyret reknast etter satsane under § 5.1.7. Denne typen arealoverføring utløyer heller ikkje dokumentavgift.

§5.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining viss vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

areal frå 0 – 2000 m² kr 25 157
areal frå 2001 - auke pr. påbegynt daa kr 986

§5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatfastsett ved oppmålingsforretning

Ein føreset at det finst målebrev/matrikkelbrev over eigedomen med grenser, som er koordinatbestemte med koordinatkvalitet 14 cm eller betre. Dersom grensa er av dårlegare kvalitet må naboane kallast inn og det skal betalast gebyr etter §5.6

For inntil 2 punkt kr 2 914
For overskytende grensepunkter, pr. punkt kr 986

§5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatfastsett / eller klarlegging av rettar

For inntil 2 punkter kr 9 710
For overskytande grensepunkter, pr. punkt kr 1 942
Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid.

§5.7. Privat grenseavtale

Gebyr vert fastsett etter medgått tid.
Minstegebyr kr 3 884

§5.8 Andre oppmålingstekniske arbeid

Gebyr for oppmålingstekniske arbeid som ikkje vert dekt av dei satsane som nemnde ovanfor, skal utreknast etter brukt tid.

Timeprisen vert kr 1 280
Ved markarbeid vert det lagt til bruk av oppmålingsutstyr pr time kr 579
Meirverdiavgift skal eventuelt leggest til etter gjeldande reglar.

§5.9 Endring i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, opprettheld ein likevel gebyret.

§5.10 Utferde matrikkelbrev

Matrikkelbrev inntil 10 sider (kr 177,- 2012 sats)
Matrikkelbrev over 10 sider (kr 355,- 2012 sats)

Endring i maksimalsatsane vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

5.11 Betalingsvilkår.

Betaling etter vilkår i pkt. 4.1 til 4.7.

Gebyrkravet vert retta mot rekvirent dersom ikkje anna er avtalt.

Gebyr for arbeid etter matrikkelova skal utreknast etter det regulativet som gjeld den dato kommunen mottek ein fullstendig rekvisisjon.

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretninga og gebyr og avgifter som kommunen skal krevje inn for statlege etatar som til dømes tinglygingsgebyr og dokumentavgift , vert fakturert vidare til rekvirenten og kjem i tillegg til satsane over.

Timekostnad i dette regulativ skal dekkje både direkte og indirekte kostnadar. For arbeid utført etter medgått tid vert det nytta timesatsen i pkt. 5.8.

Meirverdiavgift skal ikkje reknast med unnateke for pkt. 5.8, der mva. skal leggst til etter gjeldande reglar.

Eigarseksjonslova

FORSKRIFT OM GEBYRREGULATIV

Forskrifta er heimla i lov om eigarseksjonar (eigarseksjonslova) § 15.

A. Generelle reglar

1. Gebyrregulativet gjeld sakshandsaming etter reglane i eigarseksjonslova og omfattar ikkje løyve etter anna regelverk.
2. Gebyrsatsane inkluderer ikkje tinglygingsgebyr eller ev. dokumentavgift.
3. Gebyra er unnateke meirverdiavgift.
4. I saker som utløyse dokumentavgift, må denne vere betalt før saka vert sendt til tinglysing.
5. Dersom andre enn søkar skal betale gebyret, må det føreligge skriftleg avtale mellom søkar og den som skal ha faktura. Søkar er solidarisk ansvarleg.
6. Det er ikkje høve til å klage på fastsettinga av gebyr i den enkelte sak, der gebyret er heimla i eigarseksjonslova § 15. Men søkar har høve til å søke om nedsetting av gebyr, der gebyret framstår som openbert urimeleg. Søknad om nedsetting av gebyr må innsendast innan 3 veker etter at faktura er motteke. Det er kommunalsjef teknisk som har avgjerdsmynde.
7. Dersom eigar under saksgangen gjer forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, vert gebyret likevel oppretthalde.

8. I ei sak der kommunen må innhente informasjon fra grunnboka ved bestilling av slik informasjon, vil slike kostnader bli lagt til dei andre gebyrkostnadane (ref. MDs rundskriv T-5/09).
9. Kommunestyret vedtek gebyrregulativet og endringar i dette, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Gebyrsatsane skal regulerast årleg, og satsane gjeld frå kunnngjeringsdato.

B. Gebyrsatsar

B.1 Oppretting av eigarseksjonar

Maksimalt gebyr vert sett til tre gongar gebyret for 5-8 seksjonar.

- | | | |
|---|----|----------|
| 1. Til og med 4 seksjonar | kr | 10 313,- |
| 2. 5 – 8 seksjonar | kr | 15 470,- |
| 3. Frå 9 seksjonar, tillegg pr ny seksjon | kr | 838,- |

B.2 Oppretting av eigarseksjonar, reine parkeringsseksjonar

Maksimalt gebyr vert sett til fire gongar gebyret for 5-8 seksjonar. Dersom søknaden også omfattar bustadseksjonar, skal maksimalgebyr reknast etter pkt B.1.

- | | | |
|---|----|---------|
| 1. Til og med 4 seksjonar | kr | 5 157,- |
| 2. 5 – 8 seksjonar | kr | 7 735,- |
| 3. Frå 9 seksjonar, tillegg pr ny seksjon | kr | 419,- |

B.3 Reseksjonering

Maksimalt gebyr vert sett til tre gongar gebyret for 5-8 seksjonar.

- | | | |
|---|----|----------|
| 1. 1- 4 seksjonar eller fellesareal endrast | kr | 15 470,- |
| 2. 5 – 8 seksjonar eller fellesareal endrast | kr | 20 626,- |
| 3. Frå 9 seksjonar, tillegg pr ny endra seksjon | kr | 1 160,- |

B.4 Synfaring

Synfaring av eigedom vert utført når kommunen finn dette nødvendig for handsaming av saka.

Gebyret kjem i tillegg til handsamingsgebyr under B1-B3 kr 4 512,-

B.5 Sletting (oppheving) av seksjonert sameige

Sakshandsaming for å slette seksjonar på ein eigedom kr 6 446,-

B.6 Saker som ikkje vert fullført

Når saka av ulike grunnar ikkje kan slutførast, kommunen avslår søknad eller søker trekk søknad:

1. Avsluttast ei sak før sakshandsaming er starta, skal det ikkje betalast gebyr.
2. Avsluttast ei sak etter at sakshandsaming er starta vert det rekna gebyr for 60 % av sats etter B1-B3 avhengig av sakstype.

B.7 Oppretting av eksklusive uteareal

Krev eigen søknad og er omfatta av «Forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter matrikkellova» § 5.1.3

B.8 Utskrift av matrikelbrev

Gebyret regulerast av til ei kvar tid gjeldande satsar fastsatt av Statens kartverk

- | | | |
|--------------------|----|-------|
| 1. Inntil 10 sider | kr | 177,- |
| 2. Over 10 sider | kr | 355,- |